



Arkivnr: 2014/10498-28

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om Fv48 Tyssetunnelen

Handsaming i møte:

I møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 3.11.14 vart dette protokollert i sak 97/14 Eventuelt:

«Fv48 Tyssetunnelen (Samnanger)

Kontrollutvalet har merka seg at det er venta stort meirforbruk i 2014 når det gjeld Fv48 Tyssetunnelen. På bakgrunn av dette ber utvalet om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å orientere om årsakene til overskridingane og kvifor dette ikkje er vorte rapport politisk på eit tidlegare tidspunkt.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å orientere om årsakene til overskridingane på Fv48 Tyssetunnelen og kvifor dette ikkje er vorte rapport politisk på eit tidlegare tidspunkt.»

Drøfting:

På bakgrunn av dette er det gjort avtale om at fylkesrådmannen kjem i dette møte for å orientere.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet må kontrollutvalet diskutere seg fram til ein konklusjon. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.